



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato  
31.10.2017  
Dykkar dato  
16.10.2017

Vår referanse  
2017/895 730  
Dykkar referanse

Meland kommune  
v/Helge Kvam  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Meland kommune – Tilleggsloyving til kompetanseheving for tilsette i omsorgsyrke/tenester.**

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post av 25. september 2017 der det vart orientert om *Tilleggs bevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017*, Prop. 129 S (2016 – 2017) og kommunen sin søknad av 02.10. 2017.

Tilskotet vert gitt etter at det er vedteke auka løyving til ein kompetansehevingspott for tilsette i omsorgsyrke/tenester i samanslegne kommunar.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunane si eiga prioritering.

#### **Tildeling av ekstratilskot 2017**

Fylkesmannen tildeler ekstra tilskot på 123 966,94 kroner til Meland kommune til kompetanseheving.

#### **Regler for klagebehandling**

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningslova § 28.

#### **Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting**

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har fått tilbake stadfestingsskjema, sjá vedlegg. Fyll ut og send vedlagte stadfesting til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) snarast.

#### **Vilkår**

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell omdisponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løvvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til

Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt kan ubrukte midlar søkjast overført til neste års budsjett.

Rekneskapen for tilskotet skal først separat, skilt fra det kommunale rekneskap, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

### **Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon**

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løvvingsreglementet.

Det er eit krav at rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for tilskotet skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

### **Krav til rapportering på at mål er nådd:**

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportane skal sendes oss elektronisk, og rapporteringsskjema finn du på våre nettsider. Det skal fyllast ut to rapporteringsskjema, eit skjema for hele tilskotet og eit Excel ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2017
- Det er eit krav til revisorkontroll når tilskotet er meir enn kr 200 000

**Frist for rapportering er 01.03.2018.** E-post: [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Med helsing

Sjur Lehmann  
ass. fylkeslege/ seksjonsleiar helse

Beate Helland  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg:  
Stadfestingsskjema